

Markerer støtte til innsamling med konsert.

07.10.2020



# Eirik Aksnes trenger operasjon i Tyskland i håp om et verdig liv!

Bilete frå Spleis-innsamlinga.

I 2014 blei den nyutdanna og dyktige jazzmusikaren Eirik Aksnes alvorleg ME-sjuk. Etter det har han mått tilbringa store deler av livet som sengeliggande i eit mørkt, lydisolert rom for å redusera svært intense smerter. Dette har medført at ein nakkeskade han har slite med etter at han vart påkjørt som 7-åring, har forverra seg kraftig. No trengst det operasjon. Den kostbare operasjonen må gjerast i Tyskland, og derfor har yngstebror Sindre Aksnes starta ei innsamling på Spleis.

Det alvorlege sjukdomstilfellet har altså vart i 6 år, berre avbrote av kortare periodar der det har vore betring før det har kome vonde tilbakefall. Dette har sjølvagt prega livet for alle i familien. Yngstebroren Sindre Aksnes som er 25 år, har sett sitt eige liv på vent for å gjera alt han kan for å hjelpe eldstebroren. Medan dei to eldste brørne har hatt mesteparten av oppveksten sin i Odda, er Sindre godt kjend for alle her i bygda, velkjend som ein særdeles dyktig trommis i svært mange samanhengar. No vier han mest all tid til å hjelpe broren, og han derfor starta ei innsamling på Spleis for at broren skal få gjennomført ein heilt nødvendig nakkeoperasjon. Dette vil bli gjort i Tyskland, men det er svært kostbart, - for transport og operasjon kjem det på ca. 750.000 kr.

De kan lesa meir om situasjon rundt sjukdommen, operasjonen og innsamlinga ved å klikka [HER](#).

Der er det fyldig og god informasjon, og dei som ønskjer å støtta innsamlinga, kan gjera det der. Det er også mogeleg å gje støtte til **vipps, 949 85 921** eller ved å betale inn på konto **1202 44 65088** og merka det 'Operasjon i Tyskland'.

Innsamlinga har skapt stort engasjement, og i løpet av litt over ei veke har det resultert i 192.638 kr frå 585 gjevarar. Dermed er aksjonen mest halvvegs til målet. Det gjenstår 19 dagar av Spleis-perioden.

Blant dei mange som er sterkt engasjerte i saka, er også veterangjengen i Uskedal musikklag. Engasjementet sitt ønskjer dei å markera ved å ha konsert ved Spar Uskedalen lørdag 17.oktober kl.12. Dei håpar vergudane også er på lag, og lovar fleire spreke, svingande, nye nummer på sitt varierte og publikumsvennlege repertoar.

Veteranane seier at dei ikkje vil ha med seg hatten og samla inn pengar der og då. Dei oppfordrar alle, både andre lag, firma og privatpersonar, til å støtta opp om innsamlinga med gåver på eksterande innsamlingsmåtar. Dei vil også dela ut kort som fortel korleis ein kan gje bidrag. Dei seier og at dei syns det hadde vore kjekt om andre vil gjera noko for å skapa litt liv og blæst rundt innsamlinga.

Vi håpar at det gode engasjementet held fram, og at det kan hjelpe Eirik og dei rundt han til å få betring av den vanskelege situasjonen.



Veteranbandet på ei speling ved Spar tidlegare i år.

Tekst, skjermbilde frå Spleis og nett: Thor Inge Døssland  
Arkivfoto: Åse Neset